

Planprogram: KOMMUNEPLAN FOR GLOPPEN KOMMUNE 2017-2030

Samfunnsdelen



Våre viktigaste satsingsområde:

- Variert bustadutvikling
- Inkluderande lokalsamfunn
- Næringsutvikling
- Attraktive tettstadar/ Sentrumsutvikling
- Alliansebygging og samspel



Vedteke av kommunestyret 19.des.2016

Innhold

1 BAKGRUNN	3
1.1 Kort om kommuneplanen	3
1.2 Kva er eit planprogram?	3
1.2 Forventningar til kommuneplanen.....	4
1.2.1. Nasjonale forventningar	4
1.2.2 Regional planstrategi.....	4
1.2.3 Strategi- og handlingsplan for Nordfjordrådet.....	5
1.2.4 Kommunal planstrategi	5
2 PLANARBEIDETS FORMÅL.....	5
3 MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN	6
3.1 Informasjon	6
3.2 Aktiv bruk av internett	7
3.3 Arenaer for medverknad	7
3.4 Medverknad frå spesielle grupper	8
3.5 Politisk og intern medverknad	8
4 UTGREIINGAR	8
5 ORGANISERING AV ARBEIDET	9
5.2 FRAMDRIFTSPLAN	10

Foto framside:

Sentrum av Sandane med potensiale for bustadutvikling: *Beate Kornberg*

Brødrene Aa sitt nyaste produkt: *Roar Henden*

Uformelle møteplassar - Grandeparken i Sandane sentrum: *Ronny Solheim*

Inkluderande lokalsamfunn: *Katrine Fjellestad (MNT)*


Gloppen sett utan frå – tur til Trollnykjen i Eid: *Beate Kornberg*

1 BAKGRUNN

Samfunnssdelen i den gjeldande kommuneplanen vår vart vedteken hausten 2008. Både i storsamfunnet, kommunen og lokalsamfunna våre har det på desse åra skjedd ei utvikling som gjer at vi har endra utfordringsbilete. Det har og kome fleire nye lovverk. Dette er bakgrunn for at kommunestyret i den kommunale planstrategien, vedtok å starte arbeidet med å rullere kommuneplanen no i 2016.

1.1 Kort om kommuneplanen

Kommuneplan består av ein samfunnssdel og ein arealdel. Samfunnssdelen er kommunens overordna styringsdokument, som skal samle utviklingskrafta hjå kommune, næringsliv og innbyggjarane. Den skal innehalde visjon, mål og strategiar for utvikling av Gloppen som lokalsamfunn. Arealdelen av kommuneplanen skal byggje på samfunnssdelen, og viser korleis arealet skal brukast for å oppnå dei mål ein sett der. Arealdelen skal difor rullerast etter samfunnssdelen.



Figur 1: Samanhengen mellom ulike dokument og planar som er pålagt gjennom lovverket. (Kommunetorget.no)

1.2 Kva er eit planprogram?

Plan- og bygningslova §4-1 krev at kommunestyret vedtek eit planprogram for prosessen som skal munne ut i ein kommuneplan. Dette er for at alle som skal ta del i arbeidet skal få høve til å uttale seg om korleis prosessen skal vere.

Dette planprogrammet gjeld for prosessen for kommuneplanens samfunnssdel, og skal ligge ute på høyring frå 17. oktober til 28. november 2016.

Planprogrammet skal :

1. Gjere greie for formålet med planarbeidet
2. Gjere greie for planprosessen med organisering, fristar og deltakarar
3. Vise opplegg for medverknad
4. Vise kva for alternativ som vil bli vurdert
5. Vise behovet for utgreiingar

1.2 Forventningar til kommuneplanen

Plan- og bygningslova, utdrag frå § 11-1, andre ledd:

«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningsliner og pålegg frå statlege og regionale myndigheter til grunn»

Link til plan- og bygningslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Kommuneplanen skal ta omsyn til at Gloppen er ein del av ein større samanheng. Nedanfor vert det kort gjort greie for ulike politiske dokument ein må ha med seg i arbeidet i tillegg til vår eigen kommunale planstrategi.

1.2.1 Nasjonale forventningar



Regjeringa utarbeider kvart fjerde år «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging», som skal leggast til grunn for alt planarbeid. Dei nasjonale forventningane er knytte til tre hovudtema:

1. Gode og effektive planprosessar
2. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
3. Attraktive og klimavennlege by- og tettstادområde

Link til dokumentet:

https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale_forventninger_bm_ny.pdf

1.2.2 Regional planstrategi



«Regional planstrategi 2016 – 2020 for Sogn og Fjordane» definerer følgjande utfordringar for regionen:

1. Globalisering og sentralisering
2. Migrasjon og inkludering
3. Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
4. Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
5. Klimautfordringer

Link til dokumentet:

http://img4.custompublish.com/getfile.php/3557892.2344.udcqdwabR/RPS_240616_enkeltsider.pdf?ret_urn=www.sfi.no

1.2.3 Strategi- og handlingsplan for Nordfjordrådet



Nordfjordrådet sin «*Strategi- og handlingsplan 2016 – 2017*» peikar ut desse satsingsområde:

1. Regionsutvikling gjennom satsing på ein fleirkjernestruktur (sjå neste kapittel)
2. Samspel mellom næringsliv, offentleg sektor og forskings- og utviklingsmiljøa for å skape vekst og utvikling i nye grøne næringar.
3. Inkludering i Nordfjord
4. Utdanningstilbod i Nordfjord

Link til dokumentet:

<https://gloppen.kommune.no/innsyn/wfdocument.aspx?journalpostid=2016006716&dokid=275777&version=1&variant=A&ct=RA-PDF>

1.2.4 Kommunal planstrategi



Kommunestyret vedtok 26.september i år «*Planstrategi for Gloppen kommune 2016-2020*. Dei viktigaste satsingsområda her er:

1. Variert bustadutvikling
2. Inkluderande lokalsamfunn
3. Næringsutvikling
4. Attraktive tettstadar/sentrumsutvikling
5. Alliansebygging og samspel

Link til dokumentet: <https://gloppen.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId=2155&FId=3812>

2 PLANARBEIDETS FORMÅL

I arbeidet med samfunnssdelen skal vi finne ut kva vi vil med Gloppen som lokalsamfunn. Kva retning skal vi jobbe mot i fellesskap? Dette krev ein brei og grundig prosess, slik at det vi kjem fram til er noko alle utviklingsaktørar står saman om.

Gloppen er ein kommune med mange og varierte kvalitetar, og vi har mykje å vere stolte av. Stadkvalitetane er grunnmuren som lokalsamfunnet står på. Samfunnsdelen som gir retning for vidare utvikling skal byggje på dette fundamentet.

Gjennom samfunnsdelen skal vi definere Gloppen sin posisjon som seier noko om «sjela» i lokalsamfunnet vårt, samtidig som den skal gje retning for kva utvikling det er grunnlag for i Gloppen. Ein tydeleg posisjon skal mobilisere utviklingskrafta i lokalsamfunnet både hjå kommune, næringsliv og innbyggjarane i ei felles retning.

Samfunnsdelen skal, i tillegg til nasjonale utfordringar, ta utgangspunkt i dei utfordringane som er omtala i kommunen sitt «Utfordringsdokument 2015» og vedteken «Planstrategi 2016 – 2020», og kommunen sine valde satsingsområde omtala i den sistnemnde.

Hovudtema for samfunnsdelen vil difor vere:

1. Variert bustadutvikling
2. Inkluderande lokalsamfunn
3. Næringsutvikling
4. Attraktive tettstadar/ sentrumsutvikling
5. Alliansebygging og samspel

Innan alle tema vil vi ha fokus på bærekraft og korleis vi kan bidra til «det grøne skifte».

3 MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

I ein kommuneplanprosess er det avgjerande å legge til rette for ein brei samfunnsdebatt og skape engasjement. Både innbyggjarar generelt, næringslivet og relevante målgrupper skal involverast og få høve til å påverke.

Plan- og bygningslova, § 5-1:

«Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»

Link til plan- og bygningslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

3.1 Informasjon

I starten av januar 2017 vil innbyggjarane, næringsliv og andre instansar bli informert om korleis vi vil køyre planprosessen via Firda Tidend/Firda og kommunen si nettside. Det vil bli helde

informasjonsmøter i samband med høyring og offentlig ettersyn av det ferdig utarbeida planforslaget rundt om i lokalsamfunna i august 2017. Her vert det høve til å stille spørsmål og få avklaring.

3.2 Aktiv bruk av internett

Det vil bli oppretta ein **aktiv link på kommunen si heimeside**, som vil halde innbyggjarane orientert om ulike aktiviteter som skal skje gjennom heile planprosessen. Her vil ein lett kunne finne:

- opplysningar om høringsperiodar, møter og verkstadar
- viktige vedtak og dokument som er relevante for planarbeidet
- nyhende og aktuelt stoff knytt til kommuneplanprosessen

Gjennom kommunen si **facebook-side** vil det verte høve til å kome med innspel og kommentarar til ulike tema i arbeidet med kommuneplanen.

3.3 Arenaer for medverknad

Gloppen kommune vil gjennomføre eit opplegg som gir ulike grupper høve til å medverke i ein tidleg fase. Opplegget vil variere etter tema og problemstillingar.

Før vi starter prosessen er det viktig å finne ut: «Kven skal Gloppen vere og kva posisjon skal Gloppen ta i framtida». I høringsperioda for planprogrammet, 31.oktober, vil det bli halde eit Kick-off der ein starter arbeidet med å finne ei felles retning for lokalsamfunnet vårt.

Framtidsverkstad – er ein arena som nyttar seg av ulike metodar for å mobilisere og engasjere innbyggjarane. I perioda frå januar – mars 2016 vil det bli gjennomført større og mindre framtidsverkstadar/ temamøter på Sandane, Nordstranda, Sørstranda, Hyen og Breim. Som det går fram av vedteken planstrategi, ønskjer vi at Utviklingslaga skal ha ei aktiv rolle i planlegging og gjennomføring av medverknadsprosessar ute i lokalsamfunna.

I tillegg til dei lokale medverknadsprosessane vil det bli gjennomført større **framtidverkstadar** felles for heile kommunen omkring viktige tema. Klimaendring og klimaomstilling er eit eksempel på tema for slike framtidsverkstadar, der vi vil legge opp til medverknad i kombinasjon med kompetanseheving.

Oppsøkande verksemد – handlar om å vere til stades der ting skjer på aktivitetar og arenaer rundt om i kommunen. Til dømes: Sandanedagane, Friluftshelga i Hyen.

I kommunedelplanar der planprosessen alt er i gang, vil det bli **felles medverknadsprosessar** med kommuneplanen. Dette gjeld særskilt Bustadpolitisk handlingsplan, Barnehage- og skulebruksplan og arbeidet med Sentrumsutvikling og ny Områdeplan for Sandane sentrum.

3.4 Medverknad frå spesielle grupper

Når det gjeld medverknad frå barn og unge vil vi invitere skulane til samarbeid rundt konkrete tema, og legge til rette for framtidsverkstad/ opplegg som kan gjennomførast på deira arena. Vi ønskjer også ein dialog med Ungdomsrådet gjennom ulike fasar av planprosessen.

Vidare vil vi nytte oss av eksisterande møteplassar og arenaer for å nå grupper som ikkje så lett vert høyrde (Til dømes: Gloppebua, «Sterk og stødig», Frivillesentralen, Gloppe opplæringsenter, Biblioteket m.fl.).

3.5 Politisk og intern medverknad

Ved utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnssdel er det og særskilt viktig med intern medverknad og politisk deltaking. Samfunnssdelen vil difor vere tema på fleire leiarsamlingar, og i råd og utval gjennom heile prosessen.

Det vil i tillegg bli etablert arbeidsgrupper rundt nokre hovudtema med både administrative, politiske og eksterne deltakarar.

4 UTGREIINGAR

Utfordringsdokument 2015
- faktorar som påvirkar helse og trivsel i Gloppe

Gloppe kommune
Vedteke av kommunestyret 22.02.16

Gloppe kommune har utarbeida «Utfordringsdokument 2015». Dette er ei oversikt over ressursar og utfordringar når det gjeld helse og trivsel i Gloppe. Dokumentet er utarbeida av ei tverrfagleg gruppe i samarbeid med sektorane. Det er folkehelselova som pålegg kommunane å ha ei slik oversikt som ska inngå i kunnskapsgrunnlaget i alt kommunalt planarbeid. (Sjå figur 1) Link til dokumentet: <https://gloppe.kommune.no/om-kommunen/utfordringsdokumentet-2015.160479.aspx>

Det vert foreløpig ikkje utarbeidd liknande dokument når det gjeld andre tema, men i arbeidet med skulebruksplan, bustadpolitisk handlingsplan og utviklinga av Sandane sentrum er eller vert det gjort utgreiingar som vil vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for kommuneplanen.

Når det gjeld næringsliv vert det ikkje gjort noko skriftleg utgreiingsarbeid i kommunal regi, men planprogrammet legg opp til at representantar frå næringslivet skal delta og medverke i prosessen.

Kommunen er i gang med ei revidering av overordna ROS-analyse og Beredskapsplan som skal godkjennast over nyttår. Dette vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget, og legg føringar for arbeidet med samfunnssdelen.

5 ORGANISERING AV ARBEIDET

Oppdragsgjevar:	KOMMUNESTYRET
Politisk styringgruppe:	FORMANNSKAPET
Planansvarleg:	RÅDMANNEN
Prosessleiing:	KOMMUNALT PLANFORUM
INTERNE REFERANSEGRUPPER: Einingane / leiarforum Politiske utval / - parti Ungdomsrådet Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Eldererådet Tillitsvalte	
EKSTERNE REFERANSEGRUPPER: Næringsorganisasjon Utviklingslag / grendelag Brukar og interesse organisasjonar Frivillige lag og organisasjonar Fylkesmannen Fylkeskommune	

5.2 FRAMDRIFTSPLAN

NÅR	KVA	KVEN
17.OKTOBER 2016	Høringsutkast til planprogram for samfunnssdelen vedtakast.	Formannskapet
17.OKTOBER – 28.NOVEMBER 2016	Formannskapet sitt utkast til planprogram vert lagt ut på høyring i perioden (6 veker). Følgje det opp med orientering i media og aktiv kommunikasjon med innbyggjarane via nettsida vår!	Rådmannen Kommunalt planforum og Servicetorget
17.OKTOBER – 28.NOVEMBER 2016	KICK-OFF – Oppstartsmøte 31.okt. med ekstern bistand, med vekt på spissing av kommunen sin visjon!	Ope for alle interesserte, men næringsliv, leiarar og utviklingslaga særskilt invitert
NOVEMBER – DESEMBER 2016	Oppfølging av KICK – OFF og førebu medverknadsmøtepunkt med innbyggjarane	Planforum, administrativ - og politisk styringsgruppe
12.DESEMBER 2016	Utkast til planprogram med høyringsinnspeil til godkjenning. Opprette arbeidsgrupper på tvers av administrasjon/politikk/næringsliv og/eller utviklingslag	Formannskapet, rådmannen og kommunalt planforum.
19.DESEMBER 2016	Endeleg godkjenning av planprogram for samfunnssdelen	Kommunestyret
JANUAR – MARS 2017	Aktive medverknadsprosessar i tidleg fase. Oppsummering av innspeil i arbeidsgruppene.	Alle interesserte og spesifikke målgrupper Arbeidsgruppene under leiing av Planforum
APRIL – MAI 2017	Utarbeiding av utkast til kommuneplanen sin samfunnssdel	Rådmannen ved Planforum
29., 31.MAI & 1.JUNI 8.JUNI 2017	Vedta høyringsutkast til kommuneplanen sin samfunnssdel	Råda, Utvala og Formannskapet
19.JUNI – 28.AUGUST 2017	Kommuneplanen sin samfunnssdel ute på høyring (10 veker p.g.a.ferien)	Kommunalt planforum og Servicetorget
18.SEPTEMBER 2017	Godkjenne endeleg utkast til samfunnssdelen etter høyring	Formannskapet med repr. øvrige parti
2.OKTOBER 2017	Vedta kommuneplanen sin samfunnssdel	Kommunestyret